

# Tuberkuloseundersøking av tilsette, vikarar, hospitantar og studentar

## ***Tuberkuloseundersøking***

Personar som i løpet av dei siste 3 åra har opphalde seg meir enn tre månader i land med høg forekomst av tuberkulose, eller som kan ha vore utsett for smitte privat eller i arbeid, og som skal byrje eller starte oppatt i stillingar i helse- og omsorgstenesta, i førskule- og lærarstillingar eller andre stillingar knytt til barneomsorg, pliktar å møte til tuberkuloseundersøking før oppstart i stillinga. Plikta gjeld også personar under opplæring eller hospitering.

Dersom du allereie har gjennomført tuberkuloseundersøking etter heimkome, er ny kontroll unødvendig forutsett at undersøkinga ikkje viser teikn til sjukdom.

Pliktig tuberkuloseundersøking gjeld også dei som har typiske symptom på tuberkulose, eller personar der det er medisinsk mistanke om er, eller har vore i risiko for å bli, smitta med tuberkulose.

Tuberkuloseundersøkinga består av blodprøve (IGRA) og lungerøntgen. Når lungerøntgen er tatt og viser normale forhold, kan arbeidstakar byrje i jobb.

## ***BCG vaksine***

Folkehelseinstituttets anbefaling om BCG-vaksine i yrkessamanheng vil vanlegvis bare omfatte helsepersonell i spesialisthelsetenesta som over tid (om lag 3 mnd.) skal arbeide med:

- Vaksne pasientar med smittsam lungetuberkulose
- Dyrking av mykobakterier i mikrobiologisk laboratorium

## ***Eigenerklæring***

Eigenerklæring skal fyllast ut og skal vera arbeidsgjevar i hende før arbeidstakar startar i arbeidet.

[Lenke til skjema Eigenerklæring tuberkulose og MRSA](#)

## ***Undersøkinga vert utført ved:***

Helsestasjonen, tlf 53 42 33 30 / 53 42 33 37.

Timebestilling er nødvendig.